

Emnerapport haust 2024

Emnekode og namn: NOSP105 Språkhistorie og talemål

Faglærar si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Emnet er delt i to hovudtema med ei blanding av førelesingar og seminar. I tillegg var det eit nynorskopplegg på emnet som bestod av vekentleg eigenaktivitet i Mitt UiB (nylaga dette semesteret) og to førelesingar om nynorsk i samband med den obligatoriske øvingsoppgåva. Emneansvarleg stod for nynorskopplegget, og to faglærarar delte på den øvrige undervisinga. Det vart hyra studentassistentar som bidrog med lesing og kommentering av øvingsoppgåvene.

Tilgang til relevant litteratur: Ingen rapporterte problem.

Gjennomføringsprosent

62 var eksamensmelde i emnekoden, 52 ordinære NOSP105-studentar og 7 Z-NORD-studentar bestod, dvs. at til saman 59 studentar bestod.

Faglærar si vurdering av rammevilkåra

I timeplanen for emnet var det ein god del flytting mellom rom/bygg, og stor variasjon i dagar og tidspunkt.

Faglærar sin kommentar til studentevalueringane

Evalueringa vart gjennomført som sluttevaluering i form av eit elektronisk spørjeskjema distribuert til studentane via den student-e-posten deira. 22 av totalt 67 studentar svarte på undersøkinga, noko som tilsvarer ein svarprosent på 33. Svara på Likert-skala-spørsmåla er lagt ved denne rapporten som PDF-fil. Generelt framstår svara som mest positive når temaet er innhald, samanheng mellom dei ulike temaa og pensum, og meir blanda når det gjeld førelesingar og seminar.

Det var eit fritekst-spørsmål i undersøkinga, og kommentarane som vart lagde inn der, kan oppsummerast som følgjer: Tilbakemeldingane på undervisinga er blanda, her er både ris og ros til faglærarane i høve til pedagogiske metodar. Det same gjeld innhaldet og pensumet i faget (iht. både mengd og innhald). Nokre studentar (som alle ser ut til å vera lektorstudentar) nemner den totale arbeidsmengda i dette semesteret som eit problem. Av meir konkrete moment kan følgjande enkeltinnspel nemnast: Innlevering av obligatorisk oppgåva var tett på eksamen, det hadde vore fint med fasit på alle seminaroppgåvene og kollokviegrupper, for rask progresjon og for mange seminaroppgåver, for sein gjennomgang av oppgåvene på seminara, ros til nynorskopplegget i Mitt UiB, ønske om tilgang til tidlegare eksamensoppgåver. (Vi publiserte eit tidlegare eksamenssett i slutten av semesteret, pluss løysingsforslag til seminaroppgåvene, men kunne gjerne ha gjort det på eit tidlegare tidspunkt.)

Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:

Svarprosenten på undersøkinga kunne med fordel ha vore høgare, og ein bør prøva å få fleire studentar til å respondera ved seinare høve, t.d. ved å informera om undersøkinga fleire gongar i undervisinga eller å senda studentane fleire påminningar. Den samla arbeidsmengda vert trekt fram som eit problem av nokre lektorstudentar, og dette vil heldigvis betra seg f.o.m. H25, då den nye lektormodellen er blitt rulla ut. Det er viktig å peika på profesjonsrelevans for lektorar og andre, særleg når ein underviser i 100-nivåemne, og ein må kontinuerleg evaluera og drøfta pedagogiske tilnærmingar for å optimalisera undervisinga for studentane, som vil ha ulike preferansar og forventingar til både faglærarane, dei ulike undervisingsformene og pensumlitteraturen. Det er usikkert om variasjonen mellom bygg, rom og tidspunkt har hatt nokon påverknad på oppmøtet, men det er i alle høve lettare å halda styr på timeplanen dersom variasjonen er mindre. I framtida bør ein òg ta sikte på å samkøyra seg mellom NOLI og NOSP når det gjeld innleveringsfristar etc. i 100-nivåfag som går same semester. Deltakinga på nynorskopplegget var låg, og opplegget vil ikkje bli vidareført. Vi innfører eit meir fleksibelt og sjølvstyrt nynorskopplegg for 100-nivået f.o.m. V25.